
ÅRSMELDING OG REKNESKAP 1996



Ensemblet i «Lasso rundt fru Luna». F.v. Stein Grønli, Janne Kokkin, Henrik Mestad, Gøril Haukebø, Turid Gunnes, Bjørnar Teigen, Aril Martinsen og Randolph Walderhaug.

«Teatret Vårt»

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

HOVUDTREKK 1996



Henrik Mestad som Ask Burlefot under pressekonferansen på Østbanen i Oslo i mai.

1996 vart eit både hendingsrikt og framgangsrikt år for «Teatret Vårt», sjølv om det kanskje ikkje nådde opp til fjorårs-nivået.

Når det gjeld aktivitet, publikumstilstrøyming og billettinntekt var nemleg 1995 eit av dei beste åra i teatret si historie. Likevel enda 1995 med eit underskot på 600 000 kroner. På grunn av at dette underskotet skulle dekkjast i løpet av dei neste to åra, måtte aktiviteten i 1996 strammast inn. Med det gjekk også publikumstal og billettinntekter ned. Dette trass i at uroppsetninga «Lasso rundt fru Luna» vart ein stor kunstnerisk siger for teatret, og gjekk for fulle hus med ekstraframasyningar i Molde og gjes-tespel til Nationaltheatret i 1997. På området formidling og prosjekt-kommune-samarbeid såg vi ei positiv utvikling.

Satsingsområda i 1996

var stort sett dei same som tidlegare år:

- Å vidareutvikle formidlingsarbeidet og ansvarleggjere mottakarapparatet kommunalt.

- Å utvikle tilbodet til barn og unge.
- Å utvide rammevilkåra til same nivå som dei andre regionteatra med same ansvar/arbeid og turne-geografi.
- Å arbeide for å halde oppe og utvikle den kunstnarlege kvaliteten og nivået til teatret.
- Å vere med å utvikle ny norsk dramatik.

Resultat av måla for 1996

Produksjonar: 10 (medrekna Kafeteatret)
 Framsyningar: 200 (1995: 293)
 Publikum: 16 785 (1995: 31 731)
 Reknskap: 1.170 000
 (1995: 1.985 000)

Om repertoaret

Vi held fram med samtidsserien vår «Motgift» som tok til i 1995 med «A Clockwork Orange» og «Mirad, en gutt fra Bosnia». I 1996 var bidraga «Jubileum» og «Skriv meg i sanden». Stikkordet for oppsetningane i «Motgift»-serien er engasjement og opprør, og ein sterk appell til samvitet vårt. Felles for dei fire oppsetningane er også

INNHALD

Hovudtrekk	2
Repertoar 1996	4
Kafeteatret	5
Sal og informasjon	6
Presseklipp	7
Teaterstatistikk	8
Amatørteaterdrifta	10
Resultatrekneskap	11
Balanse	12
Revisor si fråsegn	13
Styret si fråsegn	14
Teatret sitt personale	16

LASSO RUNDT FRU LUNA. Stein Grønli, Henrik Mestad og Randolph Walderhaug.



balansen mellom tragedie og komedie.


Norgespremieren «Jubileum» hadde nynazisme og jødane si historie under andre verdenskrigen som tema. «Skriv meg i sanden» var også ein Noregspremiere, og her var temaet incest, overgrep og familievald. I den siste produksjonen samarbeidde vi med Goethe-instituttet og Støtteforeningen for seksuelt misbrukte barn.

Den kritikarroste oppsetninga «Lasso rundt fru Luna», med urpremiere 6. oktober, sette ein suveren publikumsrekord i Molde med nesten 6400 besøkjande. Ved så og seie å bli utseld fleire veker før premieren ga «Lasso»en også salsrekord. I tillegg til 44 ordinære framsyningar vart det sett opp sju ekstraframsyningar.

Mellom anna på grunn av ei heilt spesiell sceneløysing vart «Lasso rundt fru Luna» berre sett opp i Molde. Publikum frå fylket og andre kantar av landet vart invitert til ei teaterreise med organiserte buss- og togturar. Over 35 % av billettane vart seld til publikum utanfor Molde og over 3000 elevar og fleire hundre lærarar frå heile fylket tok turen til «Teatret Vårt» for å høyre og sjå «beretningen om en ung nordmanns vandring på jorden». I tilknytning til framsyningane baud vi på foredrag, underhaldning, omvising, utstilling, materiell og kokurransar med bokpremiar.

Trass i at vi ikkje reiste på turne vart «Lasso rundt fru Luna» ei av dei mest besøkte framsyningane for vaksne i teatret si historie. Dette var den sjetten urpremierer ved teatret sidan 1991, og eit viktig bidrag i arbeidet med å utvikle ny norsk dramatik.

Kafeteatret, omlag annankvar laurdag-ettermiddag, er eit populært og viktig



Ask Burlefot på REISEFOT

Ask Burlefot lever!

Mykle på scenen for første gang

Av HENRIK STEMLAND og MATHIS SANDBLAD (foto)

Slik ser han ut, etter krigstidens markante skikkelse. Dette er Ask Burlefot fra Agnar Mykles «Lasso rundt fru Luna» og «Sangen om den røde rubin».

Ask Burlefot I

Henrik Mestad er Mykles romanf

I går entret Henrik Mestad toget på Østbanen på vei nordover, slik Ask Burlefot gjorde det i Agnar Mykles klassiske roman «Lasso rundt fru Luna» i 1954. For første gang er Mykle omskrevet for teaterscenen, med oktober-premiere på Teatret Vårt i Molde.

ERIK VALEBRØKK Teaterchef Morten Borgersen er ansvarlig for dramatisering og regi, observert man kanskje skulle han går tilbake til oppgaven helt uten reserverasjoner. — Det er helt sikkert noen som kommer til å angripe meg, sier 31-åringen. — Mykle er en annen type.

tilbod til «Teatret Vårt» sitt publikum. Her vart det i 1996 arrangert 15 framsyningar som vart sett av 567 menneske. Repertoaret er mangesidig, og særleg har arrangementa knytte til hovudoppsetningane ved teatret – ope hus og møte med skodespelarar, instruktør, samt forelesingar og debattar om aktuelle tema – vore viktige ledd i dialogen mellom teatret og publikum. At Bistroyen i 1996 fekk «ja» til øl og vin-skjenking gjorde kafelokala i Forum endå meir attraktive.

Andre arrangement

Teaterfestivalen i Ålesund vart i 1996 eiga stifting og arrangerte for fjerde året på rad ein vellukka festival. «Teatret Vårt» la premieren på familiedramaet «Skriv meg i sanden» til Ålesund under festivalen, og vi viste også «Jubileum», «Signe og Silkeveien» og «Maibrutt».

Den landsomfattande Ibsen-stafetten, med 22 grupper og 200 deltakande ungdomar, vart også avvika i Molde med «Teatret Vårt» som lokal arrangør. Vinnaren av stafetten i Møre og Romsdal var Fagerlia Vgs i Ålesund med framsyninga «Tilværelsen er en kamp mot de mørke makter i oss».

Av andre arrangement «Teatret Vårt» var med på i året 1996, kan nemnast:

«Åpen dag» på Høgskolen i Molde. Vårt bidrag her var «Signe og Silkeveien». Når det gjeld samarbeid på amatørteaterfronten var revyfestivalen

«Gapskattfestivalen» i Tresfjord årets storhending. Tilsaman 2200 menneske såg dei tre festivalframsyningane.

Samarbeid med Nynorsk Festspelveke, Aasen-året og Norsk Musikantbruk om konserten «Huldregåva», med gruppa Huldregåva.


Avtale med «Forum for offentlig informasjon» om kjøp av 100 billetter til framsyninga «Skriv meg i sanden». Som motyting held teatersjefen innleiing ved FOIs konferanse i Molde 22. og 23. april.

Kursdag for barnehagepersonell med tema: Drama på lek og alvor. Kurs med tilsaman 85 deltakarar vart halde i Prøvesalen 16. september. Kurshaldarar var skodespelar Aril Martinsen og førskolelærer/klinisk pedagog Astrid Must Hatlebakk.

REPERTOAR 1996


«Jubileum»,

en komedie på liv og død, av George Tabori. Omsett av Ragnar Hovland. Regi: Terje Strømdahl. Scenografi: Kari Gravklev. Maskør: Line C. H. Grønli. Lysdesign: Finn Landsperg. Med: Mathias Eckhoff, Stein Grønli, Johan B. Kjeldsberg, Grete Nordrå, Aril Martinsen, Turi Tarjem, Bjørnar Teigen. Norgespremiere 3. februar 1996 i Molde. 35 framсыningar i Molde og på turne i fylket. Tilbod til vidaregåande skolar og opne kveldsframсыningar.



«Skriv meg i sanden»

av Inez van Dullemen. Omsettjing, bearbeiding, regi: Vivi Sunde. Scenografi: Helene Sunde. Maskør: Line C.H. Grønli. Lysdesign: Finn Landsperg. Med: Harald Brenna, Gøril Haukebø, Ingrid Jørgensen, Arnhild Litlere, Terje Raner. Norgespremiere i Ålesund laurdag 9. mars. 31 framсыningar i Molde, på turne i fylket og på Ridehuset i Oslo. Tilbod til vidaregåande skolar og opne kveldsframсыningar.



Inez van Dullemen

Skriv meg i sanden

«Lasso rundt fru Luna»

av Agnar Mykle. Dramatisering og regi: Morten Borgersen. Scenografi: Åse Hegrenes. Musikk: Egil Monn Iversen. Masker: Line C.H. Grønli. Koreografi: Sadona Mathiassen. Lys: Finn Landsperg. Med: Stein Grønli, Turid Gunnes, Gøril Haukebø, Janne Kokkin, Aril Martinsen, Henrik Mestad, Bjørnar Teigen, Randolph Walderhaug. Uppremiere 6. oktober i Molde. 51 framсыningar i Molde. Tilbod til vidaregåande skole og opne kveldsframсыningar.

«No skin det sol»

av Vidar Sandem og Henning Sommerro. (Premiere februar 1995) På turne med Riksteatret i april 1996. 10 framсыningar.

«Signe og Silkeveien»,

forteljarteater for barn av og med Turi Tarjem (Premiere november 1995). Vart spela på bestilling haus-

ten 1996. 42 framсыningar. Tilbod til barnehagar og 1. og 2. klasse i barneskolen.

«Maibritt»

av Lotte Kjærup. Oppsøkjande ungdomsteater. (Som Kafeteater oktober 1995) 10 framсыningar. Tilbod til ungdom.

«Mirad, en gutt fra Bosnia og moren hans»

av Ad de Bont. (Premiere september 1995) Vart spela på bestilling våren 1996. 1 framсыning.



«Huldegåva»

eit samarbeid med Aasen-året, Nynorsk festspelveke og Norsk Musikantbruk. Konsert med tekstar av Ivar Aasen. Seld som open framсыning og for skolar. 4 framсыningar i september.

KAFETEATRET 1996

13. januar:

«Apropos Jubileum»

om jødisk historie og kultur.

Skodespelar Aril Martinsen saman med jødiske Jackie Feinberg og religionslærer Bitten Linge.

27. januar:

Arnhild Litle les Olav H. Hauge Musikalsk akkompagnement ved Bjørn Kalvatsvik.

10. februar:

«Min kjæreste»

ved Bjørnar Teigen. Intenst oneman-show om det vanskelege samlivet.

24. februar:

«Dæinsen går»

Prøysen og Prokofiev, ved Tove Hovland.

9. mars:

«Poetenes evangelium»

Turi Tarjem og Mathias Eckhoff les tekstar frå Håvard Rem sin antologi. I samarbeid med Molde Kirkeakademi.

23. mars:

«Skynd deg å elske»

Aril Martinsen les novelle av Tove Jansson og fortel om sitt møte med forfattere.

13. april:

«Apropos Skriv meg i sanden»

Vivi Sunde om oppsetninga og tema frå stykket.

27. april:

«Ingen vei tilbake»

ved Randolph Walderhaug.

7. september:

«Apropos Lasso rundt fru Luna»

Open prøve og kåseri ved litteraturforskar Øystein Rottem.

21. september:

«Huldregåva»

Musikalsk hylling til 100-års jubelanten Ivar Aasen.

5. oktober:

«Poetenes evangelium»

Turi Tarjem og Vivi Sunde les bibeltekstar og dikt. I samarbeid med Molde Kirkeakademi.

19. oktober:

Litterær matine

Skodespelarane frå «Lasso rundt fru Luna» presenterer utdrag frå Mykle sine noveller.

2. november:

«Ingen vei tilbake»

ved Randolph Walderhaug.

23. november:

«Apropos Kvinnen og den svarte fuglen»

ved Turi Tarjem og Arne Nøst.

7. desember:

«Brom Brasken i Brommen»

To musikarar og to biletkunstnarar forvandlar kvardagen til eventyr og magi.



Olav H. Hauge på Kafeteatret

Skuespiller Arnhild Litle-ré fikk velge fritt hvilken dikter hun ville presentere på Kafeteatret lørdag. Svaret kom raskt: Olav H. Hauge - fra Hardanger som henne selv, og med en fascinerende enkelhet i sin diktning.

Tsjekovs «Tre Søstre» våren 1994. - Forklar nærmere hvorfor du vil presentere Olav H. Hauge for Kafeteaterpublikummet? - Det er noe med språket, måten han prøver å formidle tankene sine på og nynorsken. Hauge, som døde i 1994, brukte mange ord som er gått ut av vår dagligtale, men som blir levende igjen gjennom hans diktning. Og så er han både lett og vanskelig på samme tid. Mannen har levd lenge, han vet masse om...

Huldregåva på kaféteatret

Huldregåva holder konsert i kaféen på Teatret Vårt lørdag. Gruppas debutplate var en musikalsk hyllest til 100-års jubelanten Ivar Aasen, og har fått gode kritikker. Det var Ivar Aasen sjøl som i en av

tekstene sine første gang brukte ordet «huldregåve». Dagens «huldregåve» er en musikalsk hyllest til 100-års jubelanten: Nykomponert musikk til velkjente Aasen-tekster. Med utgangspunkt i diktsamlinga «Symra» har komponisten Botolf Lødemel (Broccoli for Breakfast) og de andre...

Huldregåva skapt et poetisk toneuttrykk, ei blanding av folkemusikk og jazz, tradisjon og nyskaping, som kler Ivar Aasens dikt veldig godt. Ørtingen Botolf Lødemel har med seg de profesjonelle musikerne Tommy Berntsen...

listen Ann-Kristin Bendixen. Ikke minst Ann-Kristin Bendixens uttrykksfulle stemme har fortruyt platenmelderne. «Ut på vegom» heter plata som kom tidligere i år. Iva var Teatret Vårt's biten-året, med konserter Nynorske Festspela.

Forsmak på Nini Roll Anker

RB - ANN KRISTIN FRØYSTAD

«Kvinnen og den svarte fuglen», Vidar Sandem's dramatisering av Nini Roll Ankers liv og diktning, har upremiere på Teatret Vårt i januar. Lørdag serveres det smaksprøver i Prøvesalen.

For ei tid siden ruslet Vidar Sandem rundt i Molde og ble stående og betrakte bysten av forfatteren Nini Roll Anker i kinoparken. - Hvem var du, Andre Sandem, og sette straks kursen undret Sandem, og sette straks kursen mot Universitetsbiblioteket i Oslo. Her fant han dagbøkene hennes og ble fanget av både mennesket og forfatteren Nini Roll Anker. Sandem skreiv mor og den svarte fugle eksplisert Turi Tarjem. Hun var sist akt kritikerstykket «veien». Sin teater fra London. - Jeg beundrer hennes engasjement med meninger hun har Turi Tarjem.

Forfatteren Nini Roll ble født i Molde i 1873. Bakgrunnen i embetsmannstijet båndt henne med det verdier, men utfordret henne også til frigjøring, kamp for nye idealer og lydhørhet overfor undertrykte samfunnsklasser. De fleste kjenner henne gjennom den gripende boka «Den som henger i en tråd» fra 1935. Hennes siste roman, «Kvinnen og den svarte fuglen», ble skrevet under andre verdenskrig, kort tid før hun døde - og er preget av fortvilelse over at hennes fredsforhåpninger var knust. Teaterstykket med det samme navn er en monolog bygget på Nini Roll Ankers boker, brev og dagbøker. Regien er ved Vivi Sunde, som i en årrekk er har vært en drivende kraft ved Teatret Vårt. Scenografi og musikk er signert Vivi Sunde. Scenografi og musikk er signert Vivi Sunde. Scenografi og musikk er signert Vivi Sunde.



Magi på Kaféteatret

RB - ANN KRISTIN FRØYSTAD

En magisk musikkteaterforestilling vises som Kaféteater i Teatret Vårt's store sal lørdag, og på Aureosen skole søndag. Hittil har forestillingen vært sett av 14-15 000 barn. I «Brom Brasken i Bromma» svever ting i spennende musikk. Kunstnerne Aile Færøy og Anne Brit Krag og musikerne Inger Johanne Brunvoll og Geir Svinset utforsker nye uttrykk. Mange gymnasier har blitt forvandlet

beveger seg, selvløsende farger og improvisert musikk med fengende rytmer. I løpet av to år har Aile Færøy, Anne Brit Krag, Inger Johanne Brunvoll og Geir Svinset skapt 130 forestillinger med «Brom Brasken i Bromma». - Som musikere og billedkunstnere jobber vi ofte i hver våre blåser. Men det er ikke nok. Det blir naturlig å søke hverandres samarbeid - og å bli stimulert av hverandre, sier kunstneren Anne Brit Krag. - Vi har mange felles uttrykk. Form, farge, klang, harmoni, rytme. Vi er nysgjerrige på hvordan slike uttrykk blir til, forteller musikerne Inger Johanne Brunvoll.



INFORMASJON OG SAL

Det var «Lasso rundt fru Luna» som var storsatsinga i 1996. I mai og juni reiste informasjonsleiaren og salsleiaren rundt i distriktet for å marknadsføre «Teatret Vårt» sitt hausttilbod. Vi vitja kulturkontor, vidaregåande skolar og bedrifter i Herøy, Ulstein, Hareid, Volda, Stranda, Sykkylven, Norddal, Ørskog, Ålesund, Haram, Sunndal og Molde-området.

Entusiasmen var stor over alt. Ikkje minst skolane stilte seg positive til ordninga med organiserte bussturar til Molde, og meinte dette ville gi elevane ei større sosial oppleving ved teaterbesøket. Tilbakemeldinga frå lærarane viste og at så skjedde.

Av informasjonsmateriellet vi hadde med oss var skoleheftet som VG hadde utarbeidd spesielt for «Teatret Vårt». Heftet var ei samling av artiklane som sto i avisa etter Mykles død i 1994. Dei fleste var ført i pennen av journalist Sølvi Wærhaug. Dei skolane som seinare melde seg på «Lasso rundt fru Luna»-opplegget, fekk tilsend heile klassesett av VG-heftet. Dette tilbodet var meint som ei erstatning for lærarkursa som ikkje vart arrangert denne hausten. Dei to planlagde kursa med amanuensis Tove Ilsås tidlegare på året, måtte avlysast på grunn av manglande påmelding.

I forkant av skoleframsyningane «Lasso rundt fru Luna» var informasjonsleiaren rundt på skolane og held ei førelesing om Mykle og diktinga hans. Elevane vart delt opp i puljar på frå 40-100 elevar, og på dei største skolane måtte vi ha både to og tre slike førelesingar etter kvarandre for å nå alle elevane. Ved nokre av skolane vart det førellest berre for lærarane. Responsen på tiltaket var svært god.

Prosjektkommuner

«Teatret Vårt» er av dei turneteatra som har kome lengst i å utvikle nye modellar og formalisere eit samarbeid lokalt med mottakarapparatet. Likevel står mykje att. Med å skipe prosjektkommunar vonar teatret å få til eit tettare og meir gjensidig forpliktande samarbeid med kulturetaten i kommunane. 1996 vart eit godt år i så måte: heile ni kommunar sa ja til prosjektkommune-samarbeid: Ålesund, Sykkylven, Norddal, Ulstein, Stranda, Sunndal, Surnadal, Tingvoll og Rauma. Partnarkommunar var Giske, Sula og Averøy.

«Teatret Vårt» har tatt del i ulike kommunale og fylkeskommunale kulturfora. Mellom anna var vi tilstades på «Kulturtorget» som fylkeskulturavdelinga arrangerte i Ørsta, Ålesund og Kristiansund i august. For teatret sitt vedkomande svara ikkje tiltaket heilt til forventingane – noko som truleg i stor grad kan tilskrivast startvanskar.


Etter oppmoding har vi kome med innspel til den kulturpolitiske

handlingsplanen for Molde. Her skriv teatersjefen: «Molde nyter godt av teatrets nasjonale renommé på kulturkartet. Vi ser f.eks. i høst den oppmerksomheten og den publikumtilstrømning til byen som urpremierer på «Lasso rundt fru Luna» byr på. Vi så det samme i 92 med Veøyspelet og 20-årsjubileet med «Stormen», med Hamsuns «Victoria» og «Peer Gynt» i 93, med «Tre søstre» i russisk stjerneregi i 94 og med «No skin det sol» og «A clockwork Orange» i fjor. Men vi ser ikkje at byen, kulturetaten eller reiselivsetaten markerer kulturbyen Molde også som teaterby på samme måte som jazz, roser og Bjørnsonfestival. Vi er ellers gjerne med som referansepart under prosessen med utarbeidelse av planen».

Samarbeid med andre institusjonar

Samarbeid med Riksteatret gjennom gjestespel med to produksjonar og eigen turne med «No skin det sol», kabareten om Hans Hyldbakk i reprise frå 1995. Modellen vår for eit breitt repertoar for barn og unge med framsyningar frå Unge Riks, Teatersentrum og Norsk Musikantbruk lukkast ikkje med unntak av samarbeidet med Norsk Musikantbruk. Trass i fleire møte, felles planlegging og konklusjonar makta ikkje Unge Riks eller Teatersentrum å gjennomføre denne nye utvekslingsmodellen.

Transmisjon av framsyningane våre lukkast ikkje i 1996 heller, trass i førespurnader til NRK og eigna prosjekt. Det ser ut til at NRK prioriterer dei større teatra.



PRESSEKLIPP

0851 25

TEATRET VÅRT, MOIDE
FRU LUNAS
KUNSTNERE
FRU LUNAS
KUNSTNERE
FRU LUNAS
KUNSTNERE

0851 25
TEATRET VÅRT, MOIDE
FRU LUNAS
KUNSTNERE
FRU LUNAS
KUNSTNERE
FRU LUNAS
KUNSTNERE


Noen er LIVERE enn andre



TEATRET VÅRT, Moide
FRU LUNAS
KUNSTNERE
FRU LUNAS
KUNSTNERE
FRU LUNAS
KUNSTNERE

GRUNE TARIK - en hjerteroes
Førsteoppsette i Teatret Vårt er en hjerteroes som heter Grune Tarik. Han er en ung mann som har blitt drept av en kvinne som han elsker. Dette er en historie om kjærlighet, død og oppstandelse.

Sterkt og troverdig om incest



Denne overgrep blir for store. A rive ned familiens vegger - Bøsser - det trakter ikke Linda. Selv har hun store personlige problemer i sitt samliv med mannen. Ingen andre greier heller å gi Anne den støtten hun så klart trenger i forbindelse med incest. Valbert og molliant fokusert lysning skildrer i Reginnesmen, Judith finner tabletter og et personlig brev fra sin elskede søster i sin i disk. Mistanken blir til klarhet for alle - et overgrep som denbøl, og v - et vilde står ingrepet.

teater

«Skriv meg i sanden»
Norgespremiere
Arvid Andersen
Regi: Vivi Sunde
Med: Harald Brenne, Gerli Haukebo, Ingrid Jørgensen, Arnhild Ljøvde og Terje Ranes

Manndag 7. oktober 1996

Sensuell Lasso



Manndag 7. oktober 1996

«Jubileum» ble godt mottatt

At Georg Tabors «Jubileum» både er sterkt og i høyeste grad aktuelt, er det stor enighet om blant kritikere, etter premieren lørdag.

Karin Rhyloa har gitt skuespillerne, deriblant Johan B. Njåland og Grete Nordrå, og musikken i «Lasso» en god mottakelse. Men det som er mest imponerende, er at den som har skrevet og regissert «Lasso», nemlig Agnar Mykle, har gitt oss et verk som er både sterkt og i høyeste grad aktuelt.

Suksess med Mykle

Regissør og dramatiker Morten Borgersen har fått et godt mottakelse for sin siste oppsett, «Lasso rundt fru Luna». Mykle er en av de mest populære forfattere i Norge, og «Lasso rundt fru Luna» er en av de mest populære romanene hans. «Lasso rundt fru Luna» er en roman om en kvinne som blir utnyttet av en mann som hun elsker.



Teatret Vårt får mye kritikker i pressen etter oppmerksomheten på «Lasso rundt fru Luna».

Teatret Vårt får mye kritikker i pressen etter oppmerksomheten på «Lasso rundt fru Luna».

Teatret Vårt får mye kritikker i pressen etter oppmerksomheten på «Lasso rundt fru Luna».

VELOPLAGT: Henrik Mestad (Ask Burlefot), Anne Kvikin (Sti) og Turid Gunnes (Nattfjerner) i Morten Borgersens vellykkede oppsett av Agnar Mykles «Lasso rundt fru Luna».

MOLDE (VG)
Ask Burlefot er, trodde jeg, en mann som lever sitt liv mest i mellompermene i Agnar Mykles roman og i min fantasi. Teatret Vårt har flyttet ham opp i scenelyset, og han overlever transplantasjonen fra fantasi til legemliggjørelse.

Vellykket scenskifte

Man kan tenke seg mange for den vellykkede operasjonen. Morten Borgersen, som har dramatisert romanen og regissert oppsetningen, og skuespilleren Henrik Mestad som gir en imponerende rolle som Ask. Det er spenn og spenning over hele scenen, og det er et godt oppsett. Teatret Vårt har flyttet ham opp i scenelyset, og han overlever transplantasjonen fra fantasi til legemliggjørelse.

Med en enorm ferskhet og kjærlighet lengtet men utbegger om hva det er som egentlig vaker, men i buorden kan det bli uttrykkelig for sine lengsler.

TEATERSTATISTIKKAR

FRAMSYNINGAR OG BILLETTINNTEKTER

Publikum	16.785
Framsyningar	200
Billettinntekter	1.196.348
Gj.snitt inntekt pr.bill.	71.27

SALS- OG INFOKOSTNADER

Annonsar framsyningar	287
Annonsar andre	50
Reklame/plakatar/ fotografering	82
Program	34
Anna	50
Totalt	503

PERSONALUTGIFTER INKL. SOS.UTG. I 1000 KR.

Teatersjef/administr.	1.224
Sals- og info-personale	636
Skodespelarar	3.127
Teknisk avdeling	1.716
Systove	328
Amatørteateravdeling	399
Sufflør	122
Dramaturg	57
Andre	2.102

TOTALT FASTE OG ENGASJERTE

Fast tilsett personale	
Teatersjef/administr./info	6
Skodespelarar	5
Teknisk personale	5
Systove	2
Dramaturg fram til 30.04	2
Dramaturg frå 01.05.	1
Amatørteateravdeling	1
Totalt fast tilsette	21
Utgjer 21 heile stillingar	

Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 82 personar på deltid i løpet av året.

PUBLIKUMSTAL I 1996

	Framsyningar	Publikum	Bill. innt. regnskap	Bill. innt. Budsjett	Besøksprosent
Jubileum	35	2467	146.235	302.000	47,0
Skriv meg i sanden	31	2783	158.085	302.000	54,5
Signe og Silkeveien	42	2464	103.000	137.000	
Mai Britt	10	515	24.000	50.000	
Lasso rundt fru Luna	51	6385	645.610	400.000	92,5
Ingen vei tilbake					
Mirad, en gutt fra Bosnia	1	170	3.000	88.000	
Kaféteater	15	567	28.062	28.000	
Huldregåva	4	517	16.250	30.000	
Sum	192	16667	1.124.242	977.000	
No skin det sol (Riksteaterturné)	10	799	46.050	50.000	33,0
Totalt	202	17466	1.170.292	1.027.000	

TILSKOTT, INNTEKTER, FRAMSYNINGAR OG TILSKODARAR DEI SISTE FEM ÅRA

År	Eiga inntekt	Offentlege tilskott	Billett inntekter	Tal på framsyningar	Tal på tilskodarar
1992	1.148.649	12.329.928	993.965	246	19322
1993	1.527.547	12.295.051	1.263.549	*262	*32048
1994	1.261.446	12.564.130	901.899	143	13118
1995	2.286.235	12.939.722	1.976.366	*293	*31731
1996	1.604.548	13.845.954	1.170.292	202	17466

* (Note 1993*: Av 262 framsyningar var 26 v/Riksteatret og 32 v/Den Nationale Scene som samproduksjonar. Av 32.048 publikummarar var 8.672 v/den Nationale Scene og 2.909 v/Riksteatret som samproduksjonar.

Note 1995*: Av 293 framsyningar var 21 v/Chateau Neuf som samproduksjon og av 31.731 publikummarar var 4.900 v/Chateau Neuf som samproduksjon.)

TOTALE DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSUTGIFTER

Eigne inntekter	1.604.548
= prosent av totale driftsutgifter	10,93

TILSKOTT

Staten	8.529.000
Fylkeskommunen	2.042.000
Molde kommune	2.042.000
Andre tilskott	<u>232.954</u>
Samla tilskott	<u>13.845.954</u>

TEATERDRIFTA I SAME-ØKON. SAMANHENG

Totale driftsutgifter	14.683.393
Lønsutgifter inkl.oppt. ikkje utbet. feriep. samt arb.gj.avg., styrehonorar og stipend i prosent av totale driftsutgifter	9.710.776
Skattetrekk tilsette	2.265.688
Arbeidsgjevaravgift	1.057.931

TEATERSTATISTIKKAR

FRAMSYNINGAR OG BILLETTSAL FOR BARN OG UNGDOM

Framsyingar	Skuleframsyingar	Barn	Ungdom
Jubileum	10		1272
Skriv meg i sanden	15		1722
Signe og Silkeveien	42	2464	
Mai Britt	10		515
Lasso rundt fru Luna	24		2958
Mirad	1		170
Huldregåva	1		300
Sum	103	2464	6337

10 PÅ TOPP 1991-96

Tittel	År	Framsyingar	Publikum
1 Victoria	1993	56	13399
2 Brødrene Løvehjerte	1994/95	81	12963
3 No skin det sol	1995/96	74	9802
4 Mirad	1995/96	68	6688
5 Lasso rundt fru Luna	1996	51	6385
6 Peer Gynt	1993	54	6179
7 Fruen fra havet	1995	50	5127
8 A Clockwork Orange	1995	42	4925
9 Når hjertet er fullt....	1992	54	4407
10 Geografi og kjærlighet	1993	54	4390



SKRIV MEG I SANDEN. Arnhild Litlere, Harald Brenna og Ingrid Jørgensen.

Norske skodespel urframførte på Teatret Vårt dei siste fem år:

År	Oppsetjingar	Framsyingar
1992	6	164
1993	3	121
1994	2	8
1995	1	65
1996	3	117

Skodespel for barn og unge dei siste fem år:

År	Oppsetjingar	Framsyingar
1992	7	74
1993	1	56
1994	2	76
1995	6	120
1996	6	89

Dei ulike kommunenes tilbod i 1995

Kommune	Tal på framsyingar
Molde (Vertskommune)	118
Rauma (Prosjektkommune)	10
Aukra	1
Midsund	1
Vestnes	1
Fræna	3
Tingvoll (Prosjektkommune)	1
Kristiansund	2
Smøla	1
Surnadal (Prosjektkommune)	2
Sunnal (Prosjektkommune)	1
Halsa	1
Ålesund (Prosjektkommune)	24
Ulstein (Prosjektkommune)	4
Ørskog	1
Ørsta	6
Stranda (Prosjektkommune)	5
Sykkylven (Prosjektkommune)	3
Sula	3
Sandøy	1
Averøy	1
Neset	1
Oslo	5

AMATØRTEATERDRIFTA

I 1996 vart det lagt vekt på å gi ulik profesjonell hjelp til amatørane i fylket:

- Instruksjon
- Arrangere kurs på fylkesplan
- Arrangere kurs lokalt i kommunane
- Informasjon om tilbod frå teatret til lag, organisasjonar, skolar, kommunar
- Utlån av utstyr som teatret disponerar
- Konsulenthjelp
- Revyfestival 1996

LAG – ORGANISASJONAR – SKOLAR – KOMMUNAR SOM FEKK INSTRUKSJON OG KURS FRÅ TEATRET VÅRT I 1996:

DH-revyen, Molde	Sminkekurs	
Eide Songlag	Instruksjon	Revy
Eira UL, Eresfjord	Instruksjon	Det ble en gutt
Flemma Songlag	Instruksjon	Kabaret
Gossen Songlag, Aukra	Instruksjon	Vidar Sandbekk kabaret
Hjertesyeke barn, M. og R. avd.	Dramakurs	
Innsmøla UL	Instruksjon	
Lyngstad UL	Instruksjon	Lars Anders og Jens Anders
M. & R. Bondekvinnelag	Instruksjon	Jubileumsforestilling, 50 år
Norges 4 H Landsleir	Revykurs	
Rauma Folkehøgsk. Molde	Sminkekurs	
Sula kommune, Langevåg		
Ungd. kulturmønstring	Instruksjon	
Syvde UL	Instruksjon	Englefabrikken
Tingvoll v.g.skole	Instruksjon	Russerevy
Tresfjord UL	Instruksjon	Revy
UL Breidablikk, Aure	Instruksjon	
UL Gnisten, Flemma	Instruksjon	Kabaret
UL Prøven, Tustna	Manuskriving	100 års jubileum
UL Prøven, Tustna	Instruksjon	
Vågane UL, Skåla	Lyskurs	
Åndalsnes b.og u.skole	Sminkekurs	

UTLÅN

Søknader om leige av teknisk utstyr aukar. Dette kan tilskrivast kurs i bruk av lysutstyr og lyssetting i lokallaga.

Utlån	1992	1993	1994	1995	1996
Teknisk	40	30	35	40	30
Kostymer	65	63	50	65	40
Manus	83	97	98	95	110
Manus (tal)	211	245	250	255	250

FYLKESREGIONALE KURS DEI SISTE FEM ÅRA:

Kurs	1992	1993	1994	1995	1996
	2	4	2	3	8

TEATRET VÅRT OG HJELP TIL LAGA

Vi merkar ei positiv haldning rundt om i fylket til det arbeidet vi utfører og den hjelpa avdelinga gir til amatørteaterlaga, skolar, organisasjonar og anna. Stadig nye skolar ber om hjelp til å starte med drama og nye amatørteaterlag ber om hjelp til oppstart.

Til saman har avdelinga registrert 225 lag, foreningar, skolar som driv med amatørteater osv. I tillegg til amatørteaterleiar Eldrid Karin Larsen, har Endre Skar hatt oppdrag frå avdelinga med instruksjon i laga.

LOKALE KURS:

Sminkekurs

Molde 06.05.96 Tal delt. 10

Lærer: Eldrid Karin Larsen

Sminkekurs

Åndalsnes 04.11.96 Tal delt. 12

Lærer: Eldrid Karin Larsen

Lyskurs

Skåla 10.10.96 Tal delt. 10

Lærer: Eldrid Karin Larsen

FYLKESREGIONALE KURS:

Dramakurs for barn

Molde 26.–28.04.96 Tal delt. 20

Lærer: Eldrid Karin Larsen

Revykurs – ungdom 16–19 år Sjøholt

29.–31.07.96 Tal delt. 20

Lærer: Eldrid Karin Larsen

Tekstskrivning

Tresfjord 11.–13.07.96 Tal delt. 22

Lærer: Jakob Margido Esp

Revykoreografi

Tresfjord 11.–13.07.96 Tal delt. 15

Lærer: Peter Berg

Lyskurs

Tresfjord 11.–13.07.96 Tal delt. 6

Lærer: Svein Larsen

Teaterverkstad Barn 5–8 år

Tresfjord 11.–13.07.96 Tal delt. 25

Lærer: Olla Rypdal

Teaterverkstad Barn 8–12 år

Tresfjord 11.–13.07.96 Tal delt. 25

Lærer: Bjørn Ølander

Vi lager revy

Tresfjord 11.–13.07.96 Tal delt. 10

Lærer: Eldrid Karin Larsen

REVYFESTIVAL:

«GAPSKRATTFESTIVALEN»

TRESFJORD 11.–13.07.96

Tresfjord UL og amatørteaterleiar v/Teatret Vårt arrangerte revyfestival i Tresfjord 11.–13.07.96. Dette er den største revyfestivalen som har vore arrangert i fylket. Deltakarane kom frå 5 fylke: Sogn og Fjordane, Oppland, Nord- og Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal. Omlag 2200 tilsaman såg dei tre framsyningane som vart framført under festivalen. Det vart arrangert 6 ulike kurs med tilsaman 103 deltakarar.

GAPSKRATTFESTIVALEN vart ein stor suksess.

RESULTATREKNESKAP

		1996 REKNESKAP	1996 BUDSJETT	1995 REKNESKAP	
I	DRIFTS.INNT.				
	1. Bill- og programsal	Note 5	1.200.479	1.410.000	1.976.366
	2. Andre inntekter		404.070	302.000	309.872
	3. Driftstilskott		13.845.954	13.895.954	12.939.722
	Sum driftstilskott		15.450.503	15.607.954	15.225.960
II	DRIFTSKOSTN.				
	1. Arbeidskraft		9.710.776	9.593.252	10.012.460
	2. Materialkostn.		521.252	576.778	491.480
	3. Sal- og info.kostn.		453.105	431.000	531.448
	4. Andre driftskostn.		1.484.423	1.784.926	2.767.581
	5. Lokaler		1.377.800	1.374.200	1.294.439
	6. Kostn. vedr. turne		606.583	655.438	993.245
	7. Vedl.h./ombygg.kostn.		20.966	30.000	320
	8. Utstyrskostn.		58.303	85.000	86.265
	9. Avskrivningar		296.800	306.000	346.000
	Sum driftskostn.		14.530.008	14.836.594	16.523.238
III	Driftsresultat		920.495	771.360	-1297.278
IV	FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER				
	1. Finansinntekter		60.573	20.000	49.514
	2. Finanskostnader		-213.960	-231.000	-187.547
V	Netto finansinnt./kostn.		-153.387	-211.000	-138.033
VI	Event.ekstraord.post.				
VII	Resultat		767.108	560.360	-1.435.311

Disponering av årets resultat:

Dekning av tidlegare årsunderskott 767.108

NOTAR

NOTE 1

Anskaffelseskost 1/1-96	2.782.437
+tilgang i året	74.005
Anskaffelseskost 31/12-96	2.856.442
Tidlegare avskrivningar	951.200
Årets avskrivning	296.800
Bokført verdi	1.608.442

NOTE 2: AKSJAR OG AKSJONÆRAR:

Selskapet sin aksjekapital er 50.000 kr. fordelt på 25 aksjar á 2.000 kr.

Aksjonærar er:

Møre og Romsdal Fylkeskommune med 12 aksjar
 Molde kommune med 12 aksjar
 Dei Frilynde ungdomslaga med 1 aksje.

NOTE 3: GODTGJERSLE:

For perioden 01.01.95 til 31.12.96 er det utbetalt: honorar til styret med 32.025 kr.

løn og honorar til teatersjef med 463.669 kr.
 Tantieme er ikkje utbetalt til styre og teatersjef.

Revisor har motteke fylgjande godtgjerdslø:

* for ordinær revisjon 25.000 kr.

NOTE 4: ANDRE TILSKOTT:

Teatret har motteke 21.500 kr. frå Goethe Instituttet, 50.000 kr. frå Det Norske Komponistforbund for komponering av musikk til «Lasso rundt fru Luna», 45.000 kr. frå Musikantbruket for «Huldregåva», 10.000 kr. frå Det Kongelege Utenriksdepartement for gjestespel i Oslo med «Jubileum» 3.000 kr. frå Den Norske Bokklubben

«Lasso rundt fru Luna», 53.240 kr. for samarbeidsturne med Riksteatret «No skin det sol», 45.000 kr. frå Støtteforeningen for seksuelt misbrukte barn, 5.214 kr. frå Kaja-midler.

NOTE 5: BILLETTINNTEKTER:

Vårproduksjonane hadde ein «Skriv meg i sanden» og «Jubileum» hadde ein billettinntektsvikt på ca. 325.000 kr. «Mirad» vart teke av plakaten. Men haustproduksjonen «Lasso rundt fru Luna» var sers godt besøkt og ekstraframsyningar vart sett opp. Billettinntektene var på ca. 240.000 kr. over budsjett.

SAMARBEIDSPARTNARAR i 1996:

Braathen Safe, Hotel Alexandra, Molde, Den Norske Bokklubben, VG.

BALANSE pr. 31.12 96

Eignelutar	1996	1995
OMLAUPSMIDLAR		
Kasse, bank	583.983	-764738
Debitorar	413.044	87034
Andre kortsiktige fordringar	156.215	220460
Depositum, leigebuarinnskott,	23.250	38643
SUM OMLAUPSMIDLAR	1176.492	-418601
ANLEGGSMIDLAR		
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	10.000	10.000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3.000	
Leigebuarinnskott	65.400	65.400
Bygningsmessige innreiingar	NOTE 1	1.831.239
SUM ANLEGGSMIDLAR	1.686.842	1.906.639
SUM OMLAUP OG ANLEGGSMIDLAR	2.863.334	1.488.038
KORTSIKTIG GJELD		
Skattetrekk, arb.gjev.avg. og andre trekk	525.268	597.543
Påløpne feriepengar og arb.gj.avg.	729.022	779.695
Diverse kreditorer	322.033	317.183
SUM KORTSIKTIG GJELD	1.576.323	1.694.421
LANGSIKTIG GJELD		
Lån Fokus Bank	1.950.023	1.223.737
EIGENKAPITAL		
Aksjekapital	NOTE 2	50.000
Reservefond		0
Disposisjonsfond		0
Underskott		-713.012
Overskott		-1.480.120
SUM EIGENKAPITAL		-663.012
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	2.863.334	1.488.038

Molde, 06.02. 97

Helge Linge
styreleiar

Edvard Hoem	Björg Riksfjord	Gunvor Krogsæter	Jarle Sanden	Cathrine Ingebrigtsen
Per Arne Skomsø	Grete Eikebu	Bjørn Ølander	Gerd G. Austnes	Randolf Walderhaug
	Morten Borgersen		Borghild Rosvoll	
	teatersjef		økonomisjef	



Møre og Romsdal fylkeskommune

FYLKESREVISJONEN

TIL GENERALFORSAMLINGA I A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

REVISJONSMELDING 1996

Vi har revidert årsoppgjeret for A/S Regionteatret i Møre og Romsdal for 1996 som viser eit årsoverskot på kr 767.108,-. Årsoppgjeret som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar, er avlagt av selskapets styre og teatersjefen.

Vår oppgåve er å granske selskapets årsoppgjer, rekneskap og selskapets økonomiforvaltning.

Vi har utført revisjonen i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjort dei revisjonshandlingane som vi har sett naudsynte for å stadfeste at årsoppgjeret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnlagsmaterialet som underbyggjer rekneskapspostane og vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, dei skjønsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeret. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk har vi gjennomgått selskapets formuesforvaltning og interne kontroll.

Offentlege tilskot er etter vår meining nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.

Styrets forslag til dekning av fjorårets underskot tilfredsstillir krava i aksjelova.

Vi gjer merksam på at selskapets egenkapital er negativ og at styrets foreslåtte tiltak for rette opp den økonomiske situasjonen vil krevje ei streng økonomistyring og løpande budsjettoppfølging det neste året.

Etter vår meining er årsoppgjeret gjort opp i samsvar med reglane i aksjelova og gjev eit for-svarleg uttrykk for selskapets økonomiske stilling pr. 31.12.96 og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.

Molde, 14. april 1996

Ole Rødal

Hilde Myrvang
Hilde Myrvang

STYRET SI FRÅSEGN

Etter vedtektene for A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL, TEATRET VÅRT, er styret samansett av to representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, to representantar frå Molde kommune, ein representant frå Dei Frilynde Ungdomslaga i fylket og to frå dei tilsette ved teatret.

I Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 61 «Kultur i tiden» set Stortinget som krav at staten skal ha fleirtal i styret i samband med standardavtalen mellom Staten, Møre og Romsdal fylkeskommune og Molde kommune.

Generalforsamlinga gjorde dette vedtaket:

Nye vedtekter for teatret

1. Styret sitt forslag til nye vedtekter for teatret vedtekne.
2. Generalforsamlinga for Teatret Vårt 10.06.96 ber partane om å vurdere å utvide styret slik at NUMØR blir representert. Dersom partane er samde i ei slik utviding blir saka å leggje fram for ny generalforsamling i Teatret Vårt. Fram til det endelige vedtaket om styrerepresentasjon ligg føre, møter som observatør Bjørn Ølander med vararepresentant Heidi Løklingholm.

Fungerande styre frå 1. januar til generalforsamlinga 10.06.96:

Møre og Romsdal fylkeskommune: Ingrid Løset, Stordal (varamedlem Else K.B.Andresen, 6650 Surnadal), Per Arne Skomsø, 6350 Eidsbygda, (varamedlem Jon Aasen, 6146 Åheim).

Molde kommune: Helge Linge, Molde (varamedlem Haldor Ulvund, Molde), Ann Helene Skare, Molde, (varamedlem Otto Chr.Sættem, Molde).

Dei Frilynde Ungdomslaga: Guri-Britt Moldtubakk (varamedlem Heidi Løklinghold, 6420 Aukra).

Teatret Vårt: Frå den kunstnarlege gruppa: Aril Martinsen, (varamedlem Gøril Haukebø) frå dei andre tilsette: Gerd G. Austnes (varamedlem Mary Farstad).

Fungerande styre frå generalforsamlinga 10.06.96:

Frå Staten: Helge Linge, Molde, (varamedlem Per Øverbø, Molde), Edvard Hoem, Oslo, (varamedlem Harald Grytten, Ålesund), Gunvor Krogsæter, Ålesund, (varamedlem Tine Kjær, Oslo), Bjørg Riksfjord, Ålesund (varamedlem Per Helge Malvik, Sunndalsøra), Jarle Sanden, Molde, (varamedlem Sissel Andersen, Ørsta).

Møre og Romsdal fylkeskommune: Per Arne Skomsø, Eidsbygda (varamedlem Ingrid Løset, Stordal)

Molde kommune: Grete Eikebu, Molde, (varamedlem Ann Helene Skare, Molde).

Teatret Vårt: frå den kunstnarlege gruppa: Randolph Walderhaug (varamedlem Gøril Haukebø), frå dei andre tilsette: Gerd G. Austnes (varamedlem Mary Farstad).

GENERALFORSAMLING 1996

Ordinær generalforsamling i A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL vart halden i Teatret sine lokale i Forum-bygget, Molde den 10.06. 1996.

Desse møtte:

Møre og Romsdal fylkeskommune med fullmakt: fylkeskultursjef Arvid Blindheim.

Molde kommune utan fullmakt: varaordfører Rolf Myhre, Magne Orten.

Dei frilynde ungdomslaga med

fullmakt: Leif Lagesen, utan fullmakt Heidi Løklingholm.

Styret for Teatret Vårt: Helge Linge.

Teatret Vårt: Teatersjef Morten Borgersen og administrasjonssjef Borghild Rosvoll.

Rekneskapen og årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

Helge Linge vart samrøystes attvalt til styreleiar og Per Arne Skomsø nestleiar.

Fylkesrevisjonen vart samrøystes attvalt som revisor.

Godtgjersla for revisjon av 1995-rekneskapen vart sett til kr. 25.000,-

STYRET

Styret har i 1996 vore samla til 7 styremøte og har hatt 37 saker til handsaming utanom dei faste punkta på saklista: godkjenning av referat frå siste styremøte og orientering om drifta v/teater-sjefen.

ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet på teatret har vore tilfredsstillande.

Presentasjon av ny sesong, av enkeltproduksjonar og produksjonsmøte har vore med på å gi god informasjon og kommunikasjon rundt produksjonar og aktivitet. Administrasjonen har gjennomført møter med diskusjon av faglege tema og evaluering av arbeid og drift. Skodespelarane har hatt faglege temamøte og foredrag i tillegg til kunstnarleg råd.

Bedriftshelsetenesta har fungert tilfredsstillande.

«Carmen de la Nuez-reisestipend til ikkje kunstnarleg medarbeidar som har utvist spesiell innsats», vart delt mellom teknikarane Lars Langset og Leif Rosvoll. Skodespelarstipenda for 1996 gjekk til:

Vivi Sunde, Aril Martinsen, Bjørnar Teigen, Ingrid Jørgensen.

YTRE MILJØ

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø.

FRAMTIDA TIL SELSKAPET

- Den eksterne profileringa av teatret gjennom arbeidet med å byggje ut modellar for teaterformidling i dei einsskilte kommunane held fram. Likeeins utbygging av modellar for skoleteater for barn og ungdom.
- Den kunstnarlege profil med både klassikarar og ny norsk dramatik, møte med instruktørar frå internasjonalt teater og ein annaleis ensemble-modell vil framleis kunne utviklast.
- Investeringar i teknisk utstyr til turne og i eige lokale i Molde, vil måtte få høg prioritet.
- Turnekostnadene innanfor nye formidlingsmodellar vil auke. For auka tilskott for å oppretthalde ei brei turneverksemd i fylket må teatret arbeide for å få auka tilskott.
- Markere Teatret Vårt sitt 25 års jubileum.

ØKONOMI

Det offentlege tilskottet har vore 70% frå Det Kongelege Kulturdepartement, 15% frå Møre og Romsdal fylkeskommune og 15% frå Molde kommune.


Krav til egne inntekter var kr. 1.712.000 og ved årsavslutninga viser rekneskapen at ein er komen opp i kr. 1.599.826 i egne inntekter, kr. 112.1744 mindre enn budsjett.

Kostnadsramma for driftsutgifter vart sett kr. 560.000 lågare enn driftsinntektene, dette for å innarbeide underskottet frå 1995.

Det er vist sers streng budsjett-disiplin dette året. Tross i dei



JUBILEUM. Aril Martinsen og Grete Nordrå.



LASSO RUNDT FRU LUNA. Janne Kokkin og Henrik Mestad.

manglande eigeninntekene på kr. 112.000 viser resultatet at ein har greidd å innarbeide underskottet med ytterlegare kr. 200.000.

Aksjekapitalen er tapt og eigenkapitalen er negativ pr.31.12.96.

På grunn av at selskapet stadig tar mot tilskott til drift, vil ikkje den økonomiske stoda truge framtidig drift.

Målet er likevel at selskapet skal ha ein positiv eigenkapital. Dette tenkjer ein å få til med streng budsjett-disiplin.

Styret har gjort vedtak om at underskottet og tapet av aksjekapitalen skal innarbeidast i budsjett for 1997 og 1998.

TEATRET VÅRT SITT PERSONALE

ADMINISTRASJON

Teatersjef	Morten Borgersen
Adm.sjef	Borghild Rosvoll
Produsent	Halvard Fiksdal
Konst. avd.leiar	Rolf-Inge Pedersen til 30.04.
Salgsleiar	Rolf-Inge Pedersen fra 1.5.96
Informasjonsleiar	Sindre Mørkedal 4.1.–29.4. (2 dg. pr. uke)
Informasjonsleiar	Bergljot Engeset frå 1.5.
Bill.sekr.	Astrid Moen Thomassen til 30.4. Henny Hernes frå 7.9.
Amatørteaterleiar	Eldrid Karin Larsen
Adm.kons.	Mary Farstad
Adm.sekr.	Evy Johannessen
Sivilarbeidar	Rune Bruteig til 5

TEKNISK AVDELING

Inspisient	Bjørn Kalvatsvik Janny Meese (2.1.–22.3.)
Rekvisitør	Bergljot Rørvik
Lysmeister	Finn Landsperg
Systove	Åshild Mjåseth (leiar) Gerd G. Austnes
Sufflør	Kristin Skiftun (fra 5.10.) Nina Solvåg Høgseth (til 30.4.)
Sufflør/rekvisitør	Jeanette Skjeggstad (til 31.3.)
Teknikarar scene/ verkstad	Lars Langset (permisjon fra 20.11.) Leif Rosvoll Mathias Hammerø (vikar utlånt frå Br. Langset frå 30.8 -4.10) vikar frå 4.11.

KUNSTNARLEGE TILSETTE

skodespelarar	Gøril Haukebø Johan B. Kjeldsberg til 15.8. Aril Martinsen Terje Raner til 15.5. Vivi Sunde (+ instruktør) Turi Tarjem (permisjon fra 1.6.–30.10.) Randolf Walderhaug (perm til 31.5.) Stein Grønli (til 30.11.)
---------------	---

Bjørnar Teigen (til 30.11.)

Grete Nordrå (til 31.3.)
Mathias Eckhoff (til 31.3.)
Ingrid Jørgensen til 30.5.
Harald Brenna til 30.4.
Per Frich fra 1.12.
Turid Gunnes 03.06.–30.11.
Janne Kokkin 03.06.–31.12.
Henrik Mestad 01.06.–30.11.

Dramaturgar

Ulla Backlund (1/4 stilling)
Svein Gladsø til 30.6.(1/4 stilling)

Faste og deltidstilsette ialt 119 personer